



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

## Fråsegn - forslag til endringar i erstatningsordningar for husdyr og tamrein

Vi viser til brev av 10.03.2012, og vil med dette gi uttale til den delen av høyringa som gjeld erstatningsordningar for husdyr.

I vårt fylke har tapar til rovvilt vore vesentlege i fleire område sidan jerven kom attende på 80-talet. Dei siste åra har det og vore noko gaupeskade. Det er stor variasjon i omfang av tap mellom område og mellom år. Dei tyngste skadane skjer der det finst jerv. For ein skilde brukarar er det rovvilttap som er det dominerande problemet for drifta.

Det er likevel tvillaust at det er andre tapsårsakar enn rovvilt som skapar vesentlege problem for sauehaldet. I omfang er desse andre tapar langt høgare enn tapar til rovvilt om ein ser Møre og Romsdal under eitt.

### Gjeldande forskrift om rovviltskadeerstatning

Dagens erstatningsordning gir eit stort skjønnsrom for vurdering av sannsynleggjort rovvilttap. Av det som vi har erstatta som rovviltskade dei siste 5 åra, har berre mellom 2 og 4 % vore skade som er dokumentert av Statens naturoppsyn (SNO) på individnivå. Ved så låg grad av dokumentasjon vil det bli ulik behandling fylka imellom. Med søknadsfrist 1. november, er det ikkje tid til vesentleg meir omfattande saksbehandling enn det vi allereie har. Det vil seie at innhenting av tilleggsinformasjon, omfattande kontakt med kommunar, mattilsyn og andre kjem i konflikt med kravet om utbetaling av erstatninga i søknadsåret.

Som ei overgangsløysing for å redusere konfliktane kring rovviltskadeerstatning, tilrår vi at det blir laga sjablongmessige reglar for vurdering av korleis omfanget av sannsynleggjort rovvilttap skal fastsettast, slik at fylkesmannens skjønnsrom blir vesentleg innskrenka. For 2012 bør dette i hovudsak skje med grunnlag i gjeldande søknadsskjema. Vi vil sterkt rå ifrå å utarbeide eit søknadsskjema for 2012 som inneheld krav som søkjar ikkje har hatt høve til å følgje opp.

Høyringsfristen er sett til 1. juli. Dette er etter at husdyra er sleppt på beite. Vi er og inne i ein periode med ferieavvikling. Det er difor ikkje realistisk å få til vesentlege endringar knytt til nokon av erstatningsordningane med full effekt frå gjeldande beitesesong.

Det bør likevel kunne vere realistisk å innskrenke fylkesmennes skjønnsrom ved praktisering av gjeldande forskrift. Det vil ikkje vere i tråd med god forvaltningsskikk å sette

krav som søkjar ikkje er informert om før det er for seint. Det vil seie at det er avgrensa høve til å stramme inn vilkår for å kunne få erstatning for rovviltskade for gjeldande beitesesong.

### **Framtidige løysingar**

I dag har vi to ulike ordningar for erstatning av tap av husdyr på beite, og ordningane er ikkje koordinerte på anna vis enn det fylkesmannen gjer ved sitt informasjonsarbeid og gjennom behandlinga av dei konkrete søknadene som kjem inn.

I dagens landbrukspolitikk er saueneinga ein viktig del av grunnlaget for å halde oppe matproduksjonen i distrikta. Den er og avgjerande for å nå måla om å oppretthalde kulturlandskapsverdiar som er skapt gjennom tidlegare tiders bruk. Det er difor avgjerande å oppretthalde utmarksbeiting med sau i heile fylket, og ikkje berre der tapsproblema på beite skuldast rovvilt.

Dette talar for at det ved revidering av erstatningsordning for tap av husdyr på utmarksbeite, bør etablerast ei erstatningsordning som gjeld for alt tap av husdyr på beite. Det vil vere § 19 i naturmangfaldloven som set minstekravet til kva satsar, normalt ap med vidare, som skal nyttast i ei slik ordning.

Det må vere eit krav at alle som ønskjer erstatning for tap på utmarksbeite, må søkje, og at det må settast spesifikke krav til drifta som vilkår for å kunne få erstatning. Vilkåra bør utformast på ein måte som sikrar at sauehaldet, både i utmarksbeitesituasjonen og elles i året, er av god standard. Dette gjeld både i høve til Mattilsynet sine generelle krav og tilrådingar, og i samband med tilsyn på utmarksbeite.

Kontroll av at oppgitt informasjon er korrekt, bør skje ved stikkprøvebasert tilsyn. Det bør vurderast om det er rett med høgare prosentdel tilsyn hos dei som søkjer erstatning, enn for næringa generelt.

Ei slik ordning vil sikre næringa, både ved reell økonomisk tryggleik og ved god omdømebygging. Den vil støtte opp om dei overordna måla i landbrukspolitikken på ein god måte, og vil bidra til at konfliktane blir redusert.

Dei som har husdyr på utmarksbeite, har ein vesentleg eigeninteresse av å redusere tapa ut over det reint økonomiske. Ved å bygge inn generelle krav til effektivt tilsyn som skal dokumenterast, ventar vi at tilsynet vil bli betra for mange brukarar. Det vil gi betre oversikt over tapssituasjonar som utviklar seg i beitesesongen, noko som igjen gir høve til å sette i verk effektive førebyggjande tiltak mot dei aktuelle tapa. Dette vil omfatte alle typer tap. Vi ventar at vidareutvikling av elektronisk sporingsutstyr skal lette arbeidet med å finne att kadaver i framtida, slik at dei forebyggjande tiltaka kan spissast. Det bør også stimulerast til bruk av kadaversøkjande hundar.

Det finst knappast andre artar i norsk natur som vi veit meir om enn dei store rovdyra. Kunnskapsgrunnlagt er såpass høgt, at det er svært kostnadskevjangende å auke dette vidare. Sjølv om det blir sett inn uavgrensa ressursar på å betre kunnskapen om rovviltet og kor mykje husdyr dei tek i beitesesongen, er det ikkje mogleg å få eit korrekt svar på det.

Ei geografisk differensiert erstatning for rovviltskade kombinert med skjerpa krav til internkontroll kan redusere konfliktane knytt til usemje om kor stor del av tapa som skuldast rovvilt i sentrale område.

Det ligg likevel eit høgt konfliktpotensiale i det å definere kor rovvilttap skal erstattast utan krav til dokumentasjon eller sannsynleggjing. Det gjeld også dersom desse områda omfattar vesentlege buffersoner ikring område der det er fast tilhald av rovvilt. Ved å sette romslege område, vil det i statistikken sjå ut som om rovvilt har skuld i vesentleg større del av tapet enn det som er reelt. Det er ei dårleg løysing reint pedagogisk.

Fastsetting av kriterier for område der det ikkje skal vere krav om dokumentasjon, vil biologisk og logisk bli ein vanskelig og konfliktfylt prosess. Det vil og bli ein konflikt knytt til teikning av kartet med grunnlag i kriteriene.

Vi vil difor rå frå at det blir arbeidd vidare med differensierte erstatningssoner for rovviltskade.

### **Konklusjon:**

Etter vårt syn bør ein velje ei erstatningsordning der beitebrukarane får dekkja tap over ein viss prosent. Ordninga bør ikkje skilje mellom tapsårsaker. Vi har allereie to erstatningsordningar, og det er tidlegare gjort forsøk på å samordne desse. Gjennom ei samanslåing vil ein oppnå konfliktreduksjon, ei forenkling for brukarane, samt at det vil bli ei økonomisk forutsigbarheit i drifta. Vidare vil det bety eit løft for beitenæringa når det gjeld kvalitet, ved at ein kan stille krav til drifta. Dette er ikkje minst viktig av omsyn til omdømebygging.

Samanslåing av dei to erstatningsordningane til ei felles ordning vil føre til vesentleg redusert bruk av offentlege ressursar til saksbehandling av erstatningssøknader og til dokumentasjon av rovviltskade.

Med helsing

Lindis Nerbø (e.f.)  
Miljøverndirektør

Anne Berit Løset (e.f.)  
Landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*